

Vår referanse 2021/56340-3
Dato 10.12.2021Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Fv. 57 Mongstadvegen - Gnr 116 bnr 7 - Lauås - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde viser til brev mottatt 30.11.21.

Saka gjeld riving og oppføring av nytt tilbygg til eksisterende bustad på gnr 116 bnr 7 i Alver kommune. Tiltaket ligg innanfor eit område som er avsett til LNF-føremål jf. kommundelplan for Lindås, og tiltaket treng dispensasjon frå arealføremålet.

Bustaden ligg om lag 12 meter frå vegmidte til fylkesveg 57. Tiltaket ligg difor innanfor byggjegrænse til fylkesvegen, og tiltaket som er søkt om treng dispensasjon frå byggjegrænse langs veg.

Fylkesvegen er under regulering gjennom eige planarbeid, *Fv. 57 - gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad*. Planarbeidet er i slutfasen før endeleg vedtak. Planen vi l legge føringar for eigedomen på begge sider av fylkesvegen. Vi kan ikkje akseptere tiltak som vanskeleggjer gjennomføring av tiltak i denne planen. Situasjonsskart vedlagt søknaden viser plassering av tilbygg mot vest og vekk frå fylkesvegen, og vi vurderer at dette kan vere ei akseptabel løysing.




Fig: Framlegg til reguleringsplan for fv. 57 (ikkje vedtatt). Bustadhuset er vist med raud pil. Situasjonsskart vedlagt søknaden (t.h.)

Bustaden ligg støyutsett til, innanfor raud og gul støysoner, jf. støyvarslingskart. Det har vorte større fokus på ulempene det er å bu langs veg. Vi minner difor om at grenseverdiane for støy og luftkvalitet i Rundskriv T-1442 og T-1520 frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.

Det er og vist til løysingar for utslepp og avlaup. Dersom dette graving langs eller under fylkesvegen, må det søkjast om graveløyve til fylkeskommunen.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak til sendt for klagevurdering og eventuelt vedtak etter veglova.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift